



Finansdepartementet

Vår referanse
20/484 20/2463

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
06.02.2020

NOU 2019:18 - Havbruksverksemd - høyring

Formannskapet har i møte 04.02.2020, sak 25/20, fatta følgjande vedtak:

Volda kommune meiner at kommunane må få ein kompensasjon for ulempene ved å vere vertskommune for havbruk, samtidig som det er eit mål at inntektene er stabile. Dette gjer ein best ved å behalde auksjonar og Havbruksfondet som i dag, men supplert med ein moderat produksjonsavgift eller arealavgift som sikrar vertskommunane litt meir føreseielege inntekter. Desse inntektene må ikkje inngå i skatteutjamninga. Volda kommune er ueinig i at staten sine inntekter skal aukast ved å redusere kommunane sine inntekter.

Skatte og avgiftssystemet for havbruk i Noreg bør i større grad nyttast som eit verkemiddel for å stimulere havbruksnæringa til å legge opp til ei meir bærekraftig drift. Dette kunne til dømes vore løyst med ei differensiert produksjonsavgift til kommunane der ein skil mellom lukka og opne oppdrettsanlegg.

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur



Volda kommune

Vår referanse: 20/484 20/976

Saksbehandlar: Asbjørn Moltudal

Dato: 22.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/20	Formannskapet	04.02.2020

NOU 2019:18 - Havbruksverksemd - høyring

Samandrag:

Fleirtalet i det regjeringsoppnemnde utvalet som har vurdert skattlegginga av havbruk, tilrår å innføre ein statleg grunnrenteskatt på havbruksinntekter i tillegg til vanleg selskapsskatt. Det er også framlegg om at auksjonsinntektene for nye konsesjonar for havbruk skal gå til staten, og at kommunesektoren skal bli kompensert ved at det vert innført ein produksjonsavgift som skal gå til vertskommunane. Skatteinntektene frå produksjonsavgifta er foreslått lagt inn i kommunesektorens inntektssystem og inngå i skatteutjamninga.

Høyringsfristen er 4. februar, og kommunen kan gje høyringsuttale sjølv om kommunane ikkje formelt er høyringsinstans.

Kommunedirektøren tilrår ikkje at Volda kommune støtter fleirtalsframlegget om å innføre ei grunnrenteskatt for havbruksnæringa, men meiner at dagens ordning er den beste, supplert med ein moderat produksjonsavgift for å sikra vertskommunane litt meir føreseielege inntekter. Det er vertskommunen som må ta belastninga med å få bandlagt store areal i sjø til denne næringa. Det er difor rett og rimeleg at vertskommunen også får ein kompensasjon for dette.

Formannskapet 04.02.2020:

Behandling:

Øyvind Festø (MDG) kom med slikt framlegg:

Skatte og avgiftssystemet for havbruk i Noreg bør i større grad nyttast som eit verkemiddel for å stimulere havbruksnæringa til å legge opp til ei meir bærekraftig drift. Dette kunne til dømes vore løyst med ei differensiert produksjonsavgift til kommunane der ein skil mellom lukka og opne oppdrettsanlegg.

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.
Framlegget frå Øyvind Festø vart samrøystes vedteke.

FSK- 25/20 Vedtak:

Volda kommune meiner at kommunane må få ein kompensasjon for ulempene ved å vere vertskommune for havbruk, samtidig som det er eit mål at inntektene er stabile. Dette gjer ein best ved å behalde auksjonar og Havbruksfondet som i dag, men supplert med ein moderat produksjonsavgift eller arealavgift som sikrar vertskommunane litt meir føreseielege inntekter. Desse inntektene må ikkje inngå i skatteutjamninga. Volda kommune er ueinig i at staten sine inntekter skal aukast ved å redusere kommunane sine inntekter.

Skatte og avgiftssystemet for havbruk i Noreg bør i større grad nyttast som eit verkemiddel for å stimulere havbruksnæringa til å legge opp til ei meir bærekraftig drift. Dette kunne til dømes vore løyst med ei differensiert produksjonsavgift til kommunane der ein skil mellom lukka og opne oppdrettsanlegg.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune meiner at kommunane må få ein kompensasjon for ulempene ved å vere vertskommune for havbruk, samtidig som det er eit mål at inntektene er stabile. Dette gjer ein best ved å behalde auksjonar og Havbruksfondet som i dag, men supplert med ein moderat produksjonsavgift eller arealavgift som sikrar vertskommunane litt meir føreseielege inntekter. Desse inntektene må ikkje inngå i skatteutjamninga. Volda kommune er ueinig i at staten sine inntekter skal aukast ved å redusere kommunane sine inntekter.

Vedlegg:

Innleiing og samandrag NOU 2019; 18 Skattlegging av havbruksverksemd

Saksopplysningar:

Hausten 2018 sette regjeringa ned eit utval for å vurdere skattlegginga av havbruk. Utvalet sin rapport er presentert i NOU 2019-18, «Skattlegging av havbruksvirksomhet». Rapporten er sendt på høyring med høyringsfrist 04.02.2020. Kommunen kan gje høyringsuttale sjølv om kommunane ikkje formelt er høyringsinstans.

Utvalet slår fast at naturgitte fortrinn i tillegg til reguleringar har gitt grunnlag for ein betydeleg grunnrente i havbruksnæringa. Ein meiner derfor at både av omsyn til eit effektivt skattesystem og rettferdig fordeling at også fellesskapen bør få ein del av grunnrenta i næringa. Utvalet meiner at grunnrenta i havbruksnæringa må takast inn på ein måte som i størst mogleg grad tar omsyn til variasjonar i lønsemd.

Utvalet som står bak rapporten er delt i eit fleirtal og eit mindretal i synet på skattlegging av havbruk.

Fleirtalet i utvalet foreslår at det vert innført ein overskotsbasert, periodisert grunnrenteskatt på 40 pst. Ein overskotsbasert grunnrenteskatt vil ha den effekt at investeringar som er lønsame før skatt, også er lønsame etter grunnrenteskatt. Fleirtalet i utvalet åtvarar mot å innføre ein bruttobasert produksjonsavgift som ikkje vil vere tilpassa variasjonar i lønsemd. Særleg uheldig vil det vere om slik produksjonsavgift blir innført når auksjonsinntektene for nye anlegg går ned. Dette vil typisk vere i periodar med dårleg lønsemd i næringa, og kan føre til reduserte investeringar og tap av arbeidsplassar. Om det vert innført grunnrenteskatt som foreslått, meiner fleirtalet at eigedomsskatt på oppdrettsanlegg i sjø vert avvikla.

Mindretalet i utvalet meiner at dagens modell for grunnrentebeskatning bør vidareførast. Dette skjer gjennom auksjonar av ny produksjonskapasitet der inntektene blir tilført Havbruksfondet. Om veksten i havbruksnæringa går ned, meiner mindretalet at det bør innførast ein moderat produksjonsavgift for å sikre tilskot til Havbruksfondet. Mindretalet åtvarar mot ordningar som vil auke staten sine inntekter på bekostning av vertskommunane. Dette vil etter deira meining redusere kommunane sine insentiv for å leggje til rette for næringa. Mindretalet i utvalet bestod av representantane frå LO og NHO samt styreleiar Ole L. Haugen i NFKK (Nettverk fjord-og kystkommunar), som har representert KS i utvalet.

Offentlege inntekter frå havbruksnæringa blir i dag fordelt på vertskommunane via Havbruksfondet. Utvalet peikar på to ulemper ved denne ordninga. Det eine er at Havbruksfondet ikkje er eit fond slik ein til vanleg forstår eit fond. Midlane vert utbetalt til kommunane kort tid etter at dei er plassert i fondet. Det betyr at det som i realiteten er verdien av forventa framtidig grunnrente, blir utbetalt her og no. Dette vert vurdert som uheldig i eit fordelingsperspektiv med tanke på framtidige generasjonar. Det andre er at dagens ordning ikkje sikrar vertskommunar stabile og føreseielege årlege inntekter frå havbruksnæringa. Inntektene er knytt til kapasitetsvekst i næringa, noko som kan svinge frå år til år.

For å sikre vertskommunane ei stabil inntekt frå havbruksnæringa, foreslår fleirtalet

å kombinere ein statleg grunnrenteskatt med ei produksjonsavgift til kommunane basert på same fordelingsnøkkel som ein i dag har gjennom Havbruksfondet. Produksjonsavgifta vil ikkje medføre ekstrabelasting for selskapa, for den vil bli trekt frå krone for krone mot utlikna skatt på alminneleg inntekt. Denne avgifta vil derimot gje vertskommunane stabile og føreseielege årlege inntekter. Når det gjeld inntekter frå auksjonar av nye produksjonskapasitetar, vil fleirtalet at desse skal tilførast Statens pensjonsfond utland eller tilsvarande ordning, slik at inntektene også kjem framtidige generasjonar til gode.

Økonomiske konsekvensar:

Ei endring av dagens ordning med skattlegging av havbruksnæringa kan få store økonomiske konsekvensar for kommunane som har oppdrettsanlegg innanfor sine grensar. Fleirtalsframlegget legg opp til at staten skal få større deler av inntektene, og at alle kommunar skal bli tilgodesett gjennom skatteutjamningsordninga. På pluss-sida vil forslaget om ei produksjonsavgift gje føreseielege og meir stabile inntekter til kommunane, men på eit lågare nivå enn i dag. Volda kommune hadde inntekter på om lag kr 9 mill frå Havbruksfondet i 2018. I 2019 fekk Volda tildelt knappe kr. 700.000,-Å tape desse inntektene vil ha stor negativ konsekvens for.

Vurdering og konklusjon:

Havbruksnæringa har i dei fleste tilfella fått gratis tilgang til verdfulle fellesressursar til deira produksjon av fisk. Denne tilgangen til naturressursar, - reint vatn med passe temperatur i beskytta fjordar, har ikkje til no vore skattlagt. Verdiane som ligg i naturressursane som ikkje er ein del av sjølve produksjonen, vert kalla grunnrente. Grunnrenta vert i dag skattlagt innan olje- og vasskraftproduksjon, og er skatt som i si heilheit er statleg.

Stortinget oppretta i 2015 eit såkalla havbruksfond. Frå 2016 har dette gitt kommunar inntekter for etablering av nye lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjø. Denne inntekta kan sjåast på som ei skattlegging av framtidig forventa grunnrente, men den gjeld altså berre nyetableringar frå 2016 og framover. Innføring av ei grunnrenteskatt i næringa, vil omfatte alle verksemder som produserer laks, aure og regnbogeaure, også dei som vart etablert før 2016.

Fleirtalet i utvalet foreslår at ein vesentleg større del av skatteinntektene frå havbruksnæringa skal gå direkte til staten. Grunngevinga er at næringa nyttar seg av fellesressursar som er heile samfunnet sin eigedom, og som derfor bør forvaltast av staten slik at ein sikrar lik velferd og like moglegheiter i heile landet.

Kommunedirektøren tilrår ikkje at Volda kommune støttar fleirtalsframlegget om å innføre ei grunnrenteskatt for havbruksnæringa, men meiner at dagens ordning er den beste, supplert med ein moderat produksjonsavgift eller arealavgift for å sikre vertskommunane litt meir føreseielege inntekter. Det er vertskommunen som må ta belastninga med å få bandlagt store areal i sjø til denne næringa. Dette gir avgrensingar i bruken av dei aktuelle sjøområda, og det medfører tap av ikkje-materielle verdier. Om kommunane får mindre igjen for å vere vertskap for oppdrettsanlegg, vil dette også redusere insentiva for å leggje til rette for næringa, noko som i neste omgang vil ramme næringa sjølv. Med same grunngeving meiner kommunedirektøren at særinntekter frå havbruksnæringa ikkje bør inngå i

skatteutjamninga i inntektssystemet for kommunane.:

Rune Sjurgard
kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak: